



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dato: 08.12.2015
Vår ref.: 2014/19497-13
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.: «REF»

Fråsegn til justerte planar for Statkrafts søknad om utbygging av Pyttafloene. Melding om vedtak.

Vi syner til brev frå NVE dagsett 10.11.15 der Hordaland fylkeskommune vert beden om å gje fråsegn til Statkraft Energi sine justerte planar for utbygging av Pyttafloene i Kvinnherad kommune.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 03.12.15 sak PS 328/15 og gjorde vedtak som går fram av dokumenta under.

Gudrun Mathisen
leiar

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/19497-11
 Saksbehandlar: Jan Nordø og Lars Øyvind Birkenes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	328/15	03.12.2015

Fråsegn til justerte planar for Statkrafts søknad om utbygging av Pyttafloene i Kvinnherad kommune. Kort høyring.

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har i møte i fylkesutvalet 30.10.14 rådd frå utbygging av Vatn 1112 og, med avbøtande tiltak, rådd til utbygging av Vatn 1062 på Pyttafloene i Kvinnherad kommune.

Statkraft Energi AS har i ettertid og etter synfaring lagt fram justerte utbyggingsplanar for begge vatna på Pyttafloene. Det vert foreslått å flytta dammen oppstraums og nærare utløpet av Vatn 1112. I tillegg vert det lansert ei løysing med å seinka Vatn 1062 i staden for å heva vatnet med ein sperredam som gjort greie for i opphavleg søknad.

Endringane vil auka restvassføringa i Såfossen og Austrepollelva og føra til mindre synlege inngrep på Pyttafloene. Produksjonsgevinsten ved ei overføring av Vatn 1112 vert redusert frå 2,1 til 1,4 GWh/år. I sum for prosjektet vert gevinsten redusert frå 3,4 til 2,7 GWh/år. Spesifikk utbyggingspris aukar frå 2,6 til 3,0 kr/kWh.

Konsekvensane for ålmenne interesser er i hovudsak knytte til landskap og friluftsliv.

Når det gjeld Vatn 1062, som ikkje ligg i INON-område, vil dei justerte planane i stor grad imøtekoma Hordaland fylkeskommune sitt positive vedtak av 30.10.14 inkl. krav om avbøtande tiltak. Fylkesrådmannen rår difor til å oppretthalda vedtaket.

Når det gjeld Vatn 1112, som ligg i INON-område, meiner fylkesrådmannen at konfliktnivået framleis er høgt og rår dermed til å oppretthalda vedtaket av 30.10.14 der utbygging vert rådd frå. Denne delen av utbygginga vil framleis ha store negative konsekvensar for landskap og friluftsliv og slik fylkesrådmannen ser det, vera i strid med Klimaplan for Hordaland sin strategi om at energiproduksjonen må skje «med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar».

Justert utbygging råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering i samband med ei eventuell utbygging.

Forslag til vedtak

Justerte planar for utbygging av Pyttafloene i Kvinnherad kommune er for Vatn 1062 i stor grad i samsvar med vedtak fatta i fylkesutvalet 30.10.14 i PS 239/2014. For Vatn 1112 og Såfossen er konsekvensane for landskap og friluftsliv framleis så negative at Hordaland fylkeskommune rår frå utbygging.

Hordaland fylkeskommune opprettheld difor vedtaket i fylkesutvalet 30.10.14.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Silja Ekeland Bjørkly sette fram slik forslag:

"Hordaland fylkeskommune tilrår utbygging av Vatn 1062 og Vatn 1112, Pyttafloene i Kvinnherad kommune."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 9 røyster mot 6 røyster (H, Frp, Sp) for Bjørkly sitt forslag.

Vedtak

Justerte planar for utbygging av Pyttafloene i Kvinnherad kommune er for Vatn 1062 i stor grad i samsvar med vedtak fatta i fylkesutvalet 30.10.2014 i PS 239/2014. For Vatn 1112 og Såfossen er konsekvensane for landskap og friluftsliv framleis så negative at Hordaland fylkeskommune rår frå utbygging.

Hordaland fylkeskommune opprettheld difor vedtaket i fylkesutvalet 30.10.2014.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.11.2015

1. Innleing

NVE har motteke brev datert 21.10.15 frå Statkraft Energi AS. I brevet gjer selskapet greie for justerte utbyggingsplanar for begge vatna på Pyttafloene i Kvinnherad kommune. Det vert foreslått å flytta dammen oppstrøms og nærare utløpet av Vatn 1112. I tillegg vert det lansert ei løysing med å seinka Vatn 1062 i staden for å heva vatnet med ein sperredam som gjort greie for i opphavleg søknad.

NVE har pr. 10.11.15 send dei justerte planane på såkalla kort høyring med frist 01.12.15. P.g.a. den korte fristen er det ikkje høve til å ta saka opp i utval for kultur, idrett og regional utvikling. Saka kjem derfor direkte opp i fylkesutvalet utan innstilling frå fagutvalet.

Fylkesutvalet gjekk i møte 30.10.14 samrøystes mot utbygging av Vatn 1112. Mot 1 røyst (SV) vart utbygging av Vatn 1062 tilrådd, men med ulike avbøtande tiltak, sjå s. 8.

2. Områdeomtale



Fig. 1 Geografisk plassering

Vatn 1063 og Vatn 1112 ligg på fjellplatået Pyttafloene i Kvinnherad kommune, mellom Maurangerfjorden i vest og Folgefonna i aust. Sørsida av fjellplatået grensar mot Hardingeskardet og nordsida mot Øvrebotn-

Svartedalen og Svartedalsmagasinet. Svartedalsmagasinet kommuniserer med Mysevatnet. Mysevatnet er inntaksmagasin for Mauranger kraftverk.

Næraste tettstad er Sunndal, sørvest for prosjektområdet. Tiltaket ligg nord for RV 551.

Bekkar som vert påverka, er bekken ned frå Vatn 1062 som renn ned i Øyresdalen og møter elva frå Goddalsvatnet, og bekken frå Vatn 1112, som drenerer ned mot Austrepollen, der han møter Austrepollelva. Vassdraga er tidlegare regulerte.




Fig. 2 Foto tatt mot nord frå helikopter 30.08.07. Feltgrenser er teikna inn.

2. Statkraft sine justerte planar og deira vurdering av verknad for natur og miljø

2.1. Endringar av dei tekniske planane


Sperredammen ved vatn 1112 er flytta om lag 200 m oppstrøms. Demninga blir monaleg mindre enn først omtalt, rundt rekna 1,5 m høg og med ei 4-5 m lang damkrone. Toppen på demninga vil liggja 0,5 m over dagens naturlege vasstand. Damkrone kan gjerast så brei at ho blir gangbar dersom det er ønskjeleg. Det er opplyst at det tidlegare gjekk ein sti her, men at bekkekløfta var vanskeleg å kryssa.

Ved Vatn 1062 er det i konsesjonssøknaden foreslått ein opp til 1 m høg sperredam. Turstien mt Folgefonna går her rett forbi. Statkraft foreslår at dammen ikkje vert bygd, og at vatnet vert seinka i staden. Dagens fjellterskel vil då fungera som sperredam. Terskelen i innløpet til overføringsholet får ein kote 0,5 m under dagens naturlege utløpsterskel. Fjellterskelen ved utløpet i dag har ein nedgåande sprekk som må tettast med betong.

Hovuddata for dei to utbyggingsløyisingane er vist i tabellen under. Opphavlege tal er strokne over. Kostnaden er oppdatert til 2015-nivå.

TILSIG		Vatn 1062	Vatn 1112
Feltstørrelser	km ²	0,18	0,28 0,19
Årlig tilsig	mill.m ³	0,67	1,04 0,69
Middelvannføring	m ³ /s	0,021	0,033 0,022
MAGASIN OG VANNVEG			
Høyeste regulerte vannstand, HRV	m o.h.	1062,5 1062	1112-1112,5
Overføringsmengde, maks	m ³ /s	0,5	0,6
Borhull/kanal, diameter	Mm	440	Ca. 500
Lengde på vannveg (borhull/kanal)	M	70	30
PRODUKSJON			
År	GWh/år	1,3	2,1 1,4
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad	mill.kr	8	
Spesifikk utbyggingspris	kr/kWh	3	

Det er også gjort justeringar av utbyggingskartet, sjå under.




Det blir framleis ingen aktiv regulering. Vatna vil berre fungera som buffermagasin med ein buffersone på 0,5 m. Vasstanden vil stiga og gå ned avhengig av tilsiget. Hovuddata for magasinane er presentert under.

	Felt			Etter regulering			Volum i m ³		
	Areal (km ²)	Før regulering Areal (km ²)	NV (kote)	Areal (km ²)	HRV (kote)	LRV (kote)	Oppdemming	Senkning	Sum
Vatn 1062	0,18	0,005	1062,0	0,005	1062,0	1061,5	0	2500	2500
Vatn 1112	0,19	0,007	1112,0	0,008	1112,5	1112,0	4000	0	4000

2.2. Endra vassføring nedstrøms vassdrag

Ved flytting av sperredammen ved Vatn 1112 aukar restvassføringa i Såfossen og Austrepollselva ettersom tilsigsfeltet til Vatn 1112 vert redusert til 2/3 av det tilsigsfeltet som er gjeve opp i konsesjonssøknaden. Restvassføring i påverka elver nedstrøms, i forhold til dagens vassføring (%) for den justerte planen, er presentert i kart under. Opphavleg og nytt tilsigsfelt for Vatn 1112 er begge teikna inn med stipla raud strek.



2.3. Endra produksjon

Ved flytting av sperredammen ved Vatn 1112 vert forventta tilsig redusert frå 1,04 til 0,69 mill. m³/år. Produksjonsgevinsten ved ei overføring av Vatn 1112 vert redusert frå 2,1 til 1,4 GWh/år. I sum for prosjektet vert gevinsten redusert frå 3,4 til 2,7 GWh/år.

2.4. Endringar i utbyggingskostnader/prosjektøkonomi – kommunal inntekt

Ved flytting av sperredammen ved Vatn 1112 vert også utbyggingskostnadane reduserte fordi damstaden er smalare og demninga lågare. Samla kostnad for dei to overføringane var berekna til kr 8 mill. i konsesjonssøknaden (2013). Det har vore stigande anleggskostnader sidan 2013. Justert for dette, blir utbyggingskostnaden den same som i konsesjonssøknaden, kr 8 mill., men fordi produksjonen går ned, aukar spesifikk utbyggingspris frå 2,6 til 3,0 kr/kWh.

I konsesjonssøknaden er det berekna at kommunen vil få om lag kr 100 000 per år i meirinntekt med ei realisering av prosjektet, først og fremst eigedomsskatt. Sidan dette er basert på energiproduksjonen, vil den kommunale inntekta gå ned tilsvarande justeringa i produksjon, dvs. inntekta vil bli om lag kr 80 000 per år med justerte planar. Fylkeskommunen vil få ein tilsvarande reduksjon i si inntekt.

Statkraft påpeiker at overføringane relativt er så kostnadskrevjande at realiseringa føreset at begge vert gjennomførte samstundes. Løyve til berre ei av overføringane vil sannsynlegvis resultera i at utbygginga ikkje vert gjennomført.

2.5. Endringar i konsekvensane for miljø, landskap og friluftsliv

Vatn 1112

Flytting av sperredammen for Vatn 1112 fører til at overført nedbørfelt vert mindre og restvassføringa ned Såfossen aukar frå 45 til 63 % av middelvassføringa. Fossen vert då etter Statkraft sitt syn tydelegare med god tilrenning til feltet og meir synleg som landskapselement.

Konsekvensane for vegetasjonen i og langs fossestrengen blir slik Statkraft vurderer det, også mindre, utan at floraen her er representert av fossesprut/røyk-påverka arter.

Den nye sperredammen vert monaleg lågare enn den søkte og vert derfor mindre synleg i landskapet. Dersom damkrona vert så brei at ho kan kryssast av turgåarar, vil det vera gunstig for ferdsle i dette området.

Vatn 1062

Fjerninga av sperredammen ved Vatn 1062 og dykka inntak for overføringstunnelen vil etter Statkraft si vurdering gjera inngrepa her nærast «usynleg». Sidan vasstanden stort sett vil bli stabil og den naturlege utløpsterskelen blir urørt, reknar Statkraft med at vatnet for nye turgåarar vil stå fram som naturleg. Den justerte planen medfører difor etter Statkraft sitt syn mindre landskapsinngrep og konsekvensar for friluftslivet enn den opphavlege planen.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av justerter planar

Hordaland fylkeskommune har vurdert justeringane som sektorstyresmakt for kulturminne. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke¹ og Område for friluftsliv².

¹ Aurland naturverkstad, 2011. På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.

² Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland. Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, 2008.

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategi for energiproduksjonen:

Mål for energi: *Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Det vil seia ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter ein årleg reduksjon på 1,3 % fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.*

Strategi B: Vera ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi

4. *Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.*

Konsesjonsområdet høyrer i Fylkesdelplan for små vasskraftverk inn under Mauranger-Varaldsøy delområde med følgjande omtale:

Mauranger –Varaldsøy delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Utbygging på delar av Varaldsøy og Maurangnes kan føre til redusert omfang av inngrepsfri natur som går frå fjord til fjell i fylket. Området har fleire potensielt verdifulle bekkekløfter som må undersøkjast nærare ved nye utbyggingsplanar.

3.1. Vedtak i fylkesutvalet 30.10.14

Frå fylkesutvalet 30.10.14 er det i høve konsesjonshøringa protokollført slikt vedtak:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2-6 vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Vedtak

Vatn 1112:

1. *Av omsyn til sårbart høg fjell og fjordlandskap av stor verdi og Pyttafloene som svært viktig regionalt friluftsområde rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Vatn 1112.*

Vatn 1062:

2. *Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Vatn 1062.*
3. *Det må stillast krav om minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren.*
4. *Betongen i sperredammen må forblendast med stein frå området.*
5. *Sperredammen må utformast slik at turgjengarar kan passera over han om det er føremålstenleg for friluftslivet, og dammen må få ei form som er tilpassa omgjevnadene.*
6. *Tippmassane frå tunnel må plasserast slik at dei ikkje blir synlege frå turstien.*

3.2. Konsekvensar for landskap

Fylkesmannen i Hordaland har i motsegn av 21.11.14 knytt til landskap, friluftsliv og anadrom fisk gjort følgjande vurdering av konsesjonssøknaden:

Pyttafloene er og eitt av dei få større samanhengande urørte naturområde som er att etter omfattande kraftutbygging på Folgefonnhalvøya. Området er karakterisert som sårbart høgfjell med stor verdi i fylkesdelplan for småkraftverk. Utbyggingsområdet ligg heilt opp i grensa til nasjonalparken.

Fossane som blir berørt av utbygginga er kjende landemerke, ikkje minst Såfossen som ligg ved den gamle ferdsleveggen over Folgefonna gjennom Hardingaskaret. Elvane som blir berørt av utbygging er typiske flomelvar. I periodar av året er det lite vassføring, er dei lite synlege i landskapet. I periodar med stor vassføring er desse elvane svært viktige landskapselement. Denne vekslende dynamikken gir landskapet sin dramatiske karakter.

Fylkesrådmannen har gjort tilsvarande vurderingar i saksutgreiinga til fylkesutvalet 30.10.14 (sjå vedlegg). For Mauranger-Varaldsøy delområde (sjå s. 8) seier småkraftplanen spesifikt: «Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep».

Statkraft har med justeringsframlegget sitt kome med endringar som langt på veg stettar krava om avbøtande tiltak for Vatn 1062. Når det gjeld Vatn 1112 er det positivt med lågare sperredam og noko høgare restvassføring i Såfossen, frå 45 til 63 %. Som ein av dei siste ikkje regulerte fossane i Austrepollen og godt synleg landskapselement både frå riksveg 551 mot Folgefonntunnelen og for turgåarar i Hardingaskardet, er det likevel fylkesrådmannen si vurdering av justeringsforslaget ikkje stettar føringane i småkraftplanen for «fjordlandskap av stor verdi» og områdekravet om «god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag» (sjå boksen over).

Fylkesrådmannen vil også framheva at justeringane ikkje reduserer inngrepa i inngrepsfri natur (INON). Framleis vil overføringane føra til bortfall av om lag 4,6 km² INON sone 2.

3.3. Konsekvensar for friluftsliv

I motsegna si av 21.11.14 har fylkesmannen følgjande vurderingar:

Tiltaket er planlagt i eit område som vert mykje nytta i samband med friluftsliv. Pyttafloene er oppmarsjområde til Sørfonna. Det går ei merka tursti frå Markjelke til Hundstøya forbi området, som vert nytta både sommar og vinter, inkludert på arrangerte turar. Området er verdsett som svært viktig (A-område) i kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland.

Fylkesmannen syner også til den gamle ferdselsveggen over Folgefonna gjennom Hardingaskardet, der Såfossen kjem ned (sjå under *Konsekvensar for landskap* over).

Fylkesrådmannen har gjort tilsvarande vurderingar i saksutgreiinga til fylkesutvalet 30.10.14 (sjå vedlegg).

Statkraft har også for dette temaet kome med justeringar som eit stykke på veg stettar krava om avbøtande tiltak. Det gjeld i sær fjerning av sperredammen ved Vatn 1062. For friluftslivet er det også positivt med flytting og senking av sperredammen for Vatn 1112 og at damkrona kan bli mogleg å kryssa for turgjengarar.

Opplivinga av å gå i eit ope inngrepsfritt landskap på Pyttafloene inn mot Folgefonna i eit elles inngrepstungt landskap, vil likevel bli svekka. I Hardingaskardet vil den reduserte vassføringa i Såfossen ha negativ konsekvens for friluftsliv langs den gamle ferdselsveggen og for reiselivet på riksveg 551 inn mot Austrepollen og Folgefonntunnelen.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at det justerte planframlegget i stor grad stettar Hordaland fylkeskommune sine krav om avbøtande tiltak for Vatn 1062. Når det gjeld Vatn 1112 og Såfossen meiner fylkesrådmannen at tiltaket framleis er i strid med Klimaplan for Hordaland og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland og dei føringane som er gjevne for regionalt svært viktige friluftsområde.

4. Oppsummering og fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesutvalet har i møte 30.10.14 rådd frå utbygging av Vatn 1112 og, med avbøtande tiltak, rådd til utbygging av Vatn 1062 på Pyttafloene i Kvinnherad kommune.

Statkraft Energi AS har i ettertid og etter synfaring lagt fram justerte utbyggingsplanar for begge vatna på Pyttafloene. Det vert foreslått å flytta dammen oppstrøms og nærare utløpet av Vatn 1112. I tillegg vert det lansert ei løysing med å seinka Vatn 1062 i staden for å heva vatnet med ein sperredam som gjort greie for i opphavleg søknad.

Endringane vil auka restvassføringa i Såfossen og Austrepollelva og føra til mindre synlege inngrep på Pyttafloene. Produksjonsgevinsten ved ei overføring av Vatn 1112 vert redusert frå 2,1 til 1,4 GWh/år. I sum for prosjektet vert gevinsten redusert frå 3,4 til 2,7 GWh/år. Spesifikk utbyggingspris aukar frå 2,6 til 3,0 kr/kWh.

Konsekvensane for ålmenne interesser er i hovudsak knytte til landskap og friluftsliv.

Når det gjeld Vatn 1062, som ikkje ligg i INON-område, vil dei justerte planane i stor grad imøtekoma fylkesutvalet sitt positive vedtak av 30.10.14 inkl. krav om avbøtande tiltak. Fylkesrådmannen rår difor til å oppretthalda vedtaket.

Når det gjeld Vatn 1112, som ligg i INON-område, meiner fylkesrådmannen at konfliktnivået framleis er høgt og rår dermed til å oppretthalda vedtaket av 30.10.14 der utbygging vert rådd frå. Denne delen av utbygginga vil framleis ha store negative konsekvensar for landskap og friluftsliv og slik fylkesrådmannen ser det, vera i strid med Klimaplan for Hordaland sitt krav om at energiproduksjonen må skje «med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar».

Justert utbygging råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering i samband med ei eventuell utbygging.